



Stryn kommune
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Vår dato:

13.04.2024

Vår ref:

2023/17871

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Tilbakemelding etter kommunemøte med Stryn kommune 2024

Vi viser til hyggeleg og godt kommunemøte med Stryn kommune i Tingsalen i Stryn kulturhus 9. april 2024. Statsforvaltaren vil takke kommunen for god informasjon, godt førebudde innlegg og ein nyttig dialog om dei sentrale temaene som var sette på dagsorden under møtet.

Kommunedialog med kommunebildet er eit satsingsområde for Statsforvaltaren. Kommunedialogen er med på å sikre nasjonale og regionale målsetjingar og interesser, og vi legg vekt på at dialogen skal vere kunnskapsbasert. Kommunebildet er eit digitalt verktøy som gjer det lettare for oss å lage meir treffsikre analysar av risiko og sårbarheit i ein kommune for dei fag- og forvaltningsområda der Statsforvaltaren har eit ansvar for å følgje opp kommunane.

Vi førebur eit kommunebildet før vi besøker kommunen. Kommunebildet dannar grunnlaget for val av tema til dialogen med kommunen. Ut frå dialogen i møtet avtalar vi gjerne nærmare oppfølging av utvalde tema. Kommunebildet blir oppdatert etter møtet, lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren og blir tilgjengeleg for alle interesserte. For administrasjonen og kommunepolitikarane kan kommunebildet gje signal om utfordringar det er viktig å ta tak i for kommunen.

Utvalde sentrale tema for nærmare dialog i møta er inndelte etter overordna oppgåver og roller til kommunen:

- tenesteytar og myndighetsutøvar
- styring og forvalting
- samfunnsutviklar og demokratisk arena.

..

Etter møtet med Stryn kommune har vi overordna samanfatta sentrale tema som var til drøfting etter nemnde inndeling. Vi har lagt vekt på informasjon frå kommunen med bakgrunn i at kommunebildet til Stryn var grunnlaget for dialogen i møtet. Tilbakemeldinga vår må såleis lesast i den samanhengen.

Kommunedirektøren innleia med informasjon om kommunen som samfunn og kommunal organisering, med vekt på «dagens Stryn», utviklingstrekk med utfordringar og moglegheiter og



satsingar i Stryn for næringsliv, landbruk, kommunale tenester, folketal, demografi og samarbeidet med lag og organisasjoner.

Tenesteytar og myndighetsutøvar

Dialogtemaa var knytte til omsorgstenester med heilskapleg planlegging for berekraftig utvikling, førebyggjande helsearbeid for prioriterte grupper som barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidningar, rusproblem og eldre med skrøpeleg helse, tverrfagleg førebygging for å møte auke i tal barn som lever i familiar som mottek sosialhjelp, sysselsetjing for innvandrarár, god opplæring i skulen og likestilling for personar med nedsett funksjonsevne.

Stryn har merksemdu på å byggja opp kompetanse i omsorgstenestene og er med i [Tørn-prosjektet](#). Tal institusjonsplassar er noko redusert dei siste åra ved rehabilitering og ombygging av Vikane omsorgssenter.

Kommunen har lagt mykje vekt på å betre legedekninga gjennom å satse på å behalde og ha ei stabil legeteneste over tid. I tillegg til legekontoret i sentrum (Tonning), er legekontoret i Innvik ope to dagar i veka.

Stryn er ikkje [BTI-kommune](#) (Betre Tverrfagleg Innsats). Kommunen har oppretta ei 100 prosent stilling som barnekoordinator, som har oppgåver med tidleg innsats og satsing på barn og unge med omfattande hjelpebehov.

Delen nyfødde born som får heimebesök av jordmor er lågare enn lands- og fylkessnittet, og kommunen vil prioritere å betre denne tenesta. Det er få meldingar i barnevernet i aldersgruppa 0 - 6 år (fleire meldingar kjem frå seks år og oppover). Kan auka jordmorbesök avhjelpe dette? Stryn er med i [God Start](#) samarbeidet i regi av Nordfjord sjukehus. Kommunen ønskjer nærmare dialog/rettleiing med Statsforvaltaren om heimebesök av jordmor.

Innan kommunehelsetenesta er kommunen med i fleire samarbeidsprosjekt, fortrinnsvis med kommunane i Nordfjord, men også utanfor regionen, som drift og utvikling av kommunens Frisklivssentralen i erfaringsutveksling/samarbeid med kommunane Sunnfjord, Sogndal og Luster. For helse- og omsorgstenester er òg framtidig bruk av kunstig intelligens (KI) noko som kommunen er oppteken av og vurderer.

Sosialtenesta samarbeider med Nav og barnevernet (ikkje skrifteleg avtale), og tenesta er oppteken av å sjå sosialhjelp i samanhengen med utviklinga av flyktingar frå Ukraina. Det er òg under planlegging samarbeid med andre kommunar om tenester og tilbod til flyktingar, og særleg for dei som kjem frå Ukraina ettersom dei er i fleirtal no. I samarbeid med næringslivet er det tilbod om språktrening til innvandrarár. Ut frå erfaringar frå tidlegare større innvandringar til kommunen, og at fleire blir i kommunen, legg næringslivet meir vekt på langsiktige tiltak for flyktingane.

For oppvekstområdet peika kommunen på at kommunebildet kunne vore meir balansert gjennom å framheve meir det som er godt. Som i mange andre distriktskommunar går barnetalet nedover, utviklinga er press på sentrumsskular og reduksjonar for mindre skular utanfor sentrum. Innvandrarbarn bidreg samla sett til å stabilisere elevtalet, og om lag 20 prosent av elevane er minoritetsspråklege. Skulen har gode søkerantal til lærarstillingar, men det kan vere utfordrande å skaffe vikarar. Skulen satsar på eigen kompetanseutvikling òg i samarbeid med andre kommunar og utdanningsinstitusjonar (høgskular). Det er få lærarar som tek etterutdanning i yrkesfag. Om lag 80 prosent av dei tilsette i skular og barnehagar er kvinner. Kommunen er oppteken av god



vurderingspraksis av grunnskulepoeng mellom skulane. Resultata for grunnskulepoeng kan variere mykje mellom år og klassetrinn – og det vart stilt spørsmål om kor mykje grunnskulepoenga skal telje i vurderinga av skulen? Skulen er òg oppteken av at det for enkelte klassetrinn er høge tal for mobbing, og opplever at dette ikkje er bra. Det blir prioritert å få inn tilleggskompetanse i skulane (miljørarbeidrarar), og systemarbeid med tiltak mot mobbing er starta opp. Etter å ha motteke orientering om årsmeldinga til mobbeombodet i Vestland, har utval for oppvekst invitert mobbeombodet til orientering i kommunestyret. Skulane er òg i gang med fysisk aktiv læring ([FAL](#)).

Som arbeidsgjevar registrerer kommunen aukande avviksrapporteringar på fysiske hendingar i skulen.

Med ein stram kommuneøkonomi, er òg vedlikehald for gode skulebygg ei utfordring.

Kapasiteten til SFO-plassar er og kan bli ei større utfordring gjennom ordninga med gratis SFO, særleg knytt til sentrumsskular.

Stryn har full barnehagedekning og kontinuerleg opptak for barnehageplassar. Kommunen prioriterer kompetanseutvikling i barnehagane, og er oppteken at dette òg kan gjerast i samarbeid med andre kommunar. Kommunen jobbar med planlegging for gjennomføring av foreldreundersøkingar og at informasjon om at barnehagemyndigheita skal leggast ut på heimesida til kommunen.

Skule- og barnhageområdet er svært regulert, og regelverket er Statsforvaltaren sitt oppdrag frå sentrale myndigheter, og det er viktig med forståing om kvifor regelen er der og med motivasjon til å følgje regelverket. Kommunen kan kontakte Statsforvaltaren til rettleiing av regelverket og ev. kontakt inn mot departement og direktorat. Kommunen er oppteken av at det må følgje med tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre nye statlege regelverk og planar, og at ein i den samanhengen er oppteken av dei samla oppgåvane til læraren, mellom læring og andre oppgåver.

Kommunen må vere bevisst på kva kjelder dei har for å gjere vurderingar av barna sin læring og trivsel i skulen.

Barnehagen og skulen er ein god plass for integrering av flyktningebarn, men det er òg viktig å få til integrering gjennom andre aktivitetar, som lag og organisasjonar. Flyktningtenesta har eit godt samarbeid med frivillige i arbeidet med integrering, men generell informasjon om dette arbeidet bør nå ut til fleire.

Styring og forvaltning

Kommunen orienterte om økonomisk utvikling i perioden 2016 – 2023, med vekt på nøkkeltala frå 2020, og budsjett- og økonomiplan 2024 – 2027. Resultata til kommunen har i perioden vore positive, men lågare enn landsgjennomsnittet. Stryn har ein stram kommuneøkonomi, utan større ekstra inntekter frå naturressursar (kraft og havbruk) og med eit utviklingstrekk (prognose) som betyr stor auke i den eldre befolkninga og færre i alderen barn og unge. Dette betyr endringar i utgiftsbehovet, som tel mykje i kommunane sine inntekter frå staten (rammetilskotet).

Kommunen presenterte samanlikningar med andre relevante kommunar for netto driftsutgifter per innbyggjar for administrasjon og tenesteområda etter Kostra-tal for 2022. Samanlikninga viser at Stryn for 9 av 12 område i ulik grad har høgare netto driftsutgifter per innbyggjar enn kommunen den blir samanlikna med.



Kommunen har store investeringsbehov i økonomiplanperioden, og lånegjelda vil auke sterkt samanlikna med driftsinntektene.

Alderssamansetjinga i befolkninga viser utviklingstrekk (prognose) at kommunen får eit sterkt auka utgiftsbehov for tenester til pleie- og omsorg, medan det blir reduksjonar i utgiftsbehovet til barnehage og skule. Kommunen må førebu seg på dette i den økonomiske planlegginga, og bruke planprosessane aktivt frå samfunnsplanen til kommuneplanen til handlingsdelen/økonomiplanen og årsbudsjettet for tiltak og gjennomføring av omstillingar og endringar.

Kommunen summerer opp at driftsnivået er for høgt etter inntektene, at lånegjelda ikkje skal auke for mykje sjølv om mange investeringar må gjennomførast. Kommunestyret vedtek langsiktige og realistiske finansielle måltal med handlingsreglar for planlegging og styring av økonomien, og vidare prioriteringar mellom lovpålagte og «ikkje» lovpålagte oppgåver. Kommunen vil ha gode og opne prosessar på omstilling og endringar som følgje av forventa endringar i demografien og derav endra behov for tenester til innbyggjarane.

Kommunens rolle som samfunnsutviklar

Kommunen er i gang med revisjon av samfunnsdelen til kommuneplanen, og gjennomfører no fleire møte for å involvere innbyggjarane i planarbeidet. Kommunen skal utarbeide ny planstrategi.

Kommunen legg vekt på at arealplanlegging er eit viktig verkemiddel for å hindre tap av naturmangfold og redusere klimagassutslepp. Stryn har fleire gode kommunedelplanar, men arbeidet med ein samla arealdel (den eksisterande er frå 2006) går for sakte, og kommunen har vanskar med å rekruttere plankompetanse til dette arbeidet. Det har også vore stor utskifting av leiatar innan planområdet. Kommunen bør utarbeide ein temaplan for naturmangfold.

Reiseliv er ei stor næring i Stryn, og kommunen er i samarbeid med næringslivet oppteken av at Stryn skal vere eit berekraftig reisemål og prioriterer m.a. å legge til rette for klimavenlege transportløysingar og at verksemder blir miljøsertifiserte. Kommunen som organisasjon arbeider òg med miljøsertifiseringar, og planen er at innan 2025 skal alle sektorane verte sertifiserte. Kommunen bør lage ein klimaplan i samband med ny arealdel av kommuneplanen.

Stryn har utfordringar med å etablere gode framtidige avløpsløysingar for områda Loen, Olden og Stryn og generelt sikre kommunal infrastruktur mot klimaendringar. Kommunen må òg tilpassa seg eit nytt regelverk for avløpsanlegg. Andre nye regelverk som kommunen må følgje opp er innanfor landbruket og avfallshandtering.

Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse er under revisjon, med involvering av statlege etatar (politi, heimevernet, sivilforsvaret).

Kommunen er a jour (låg ventetid/restansar) med byggjesaker og private reguleringsplanar.

Kommunen uttrykkjer at dei har fleire utfordringar innan planområdet, både ved å ta i bruk areal til utbyggingsføremål og at omfattande prosessar/utgreiingar kan føre til høge utgifter for kommunen. I denne samanhengen er dei oppteken av rolla Statsforvaltaren har for kommunane inn mot sentrale myndigheter, som departement og direktorat. Etter meininger og spørsmål frå formannskapsmedlemar, orienterte Statsforvaltaren generelt om lover, regelverk og saks-handsaming som gjeld for planområdet. Stryn er med i utviklingsprogrammet for plan mellom kommunar i Nordfjord, og Statsforvaltaren stiller opp att med meir rettleiing i samlingane.



Kommunen opplever ei utvikling med større tverrfaglege utfordringar i arbeidet med folkehelse, som at det kan vere viktig informasjon som ikkje blir godt nok delt mellom fagområda. Dette blir forsterka gjennom at problemstillingane er meir samansette (livsstilssjukdomar), og dette gjer det nødvendig at fleire fagområde må samarbeide, og helst med førebyggjande tiltak. Folkehelserådgjevar skal vere mest mogeleg med i planprosjekta, og folkehelse er òg ein del av beredskapsområdet.

Stryn har få ledige bustader til flyktningar og andre som har særlege behov for bustad. Kommunen har ein eldre bustadsosial handlingsplan, og ein ny plan må sjåast i samanhengen med samfunnspalanen. Kommunen må òg skaffe seg meir kunnskap/informasjon om verkemidla til Husbanken og generelt om moglegheiter innan det bustadsosiale arbeidet med vekt på gode bustadløysingar.

Kommunen tok opp om det kunne vere mogeleg å utvikle meir standardiserte verktøy for planlegging og styring for kommunane, og særleg til bruk for dei folkevalde?

Oppfølging

Som for mange andre kommunar, har Stryn oppgåver som utfordrar organisasjonen på tilstrekkeleg kapasitet og rekruttering av relevant kompetanse. Særleg gjeld dette sett i samanheng med demografiske endringar med eit auka behov for helse- og omsorgstenester, men også innan andre spesialiserte område.

Om kommunen ønskjer det, kan Statsforvaltaren følgje opp og bidra med kommunikasjon og rettleiing innan ønskte område. Vi noterte oss spesielt rettleiing og kontakt i arbeidet om det bustadsosiale arbeidet. Ut frå dialogen i møtet, bidreg òg Statsforvaltaren med vidare dialoglog/rettleiing innan andre aktuelle område etter ønske frå kommunen.

I tillegg til dei sentrale tema som var til drøfting i møtet, har òg kommunebildet til Stryn fokusområde etter statlege forventningar og vår kjennskap til kommunen. Desse fokusområda og andre sentrale tema fortel kva vi i eit forvaltnings- og utviklingsperspektiv vil legge særleg vekt på i den vidare dialogen med kommunen.

Kommunebildet til Stryn kommune vart ikkje i sin heilskap gjennomgått og drøfta i kommunemøtet. Statsforvaltaren legg til grunn at kommunebildet med fokusområde og forslag til sentrale tema, vil bidra til eit grunnlag for vidare interne prosessar for drift og utvikling av kommunen.

[Kommunebildet til Stryn](#) er lagt ut på vår heimeside.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent